

# Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017

## NÆRING TIL FORTRINN



# Forord

Ved inngangen til denne planperioden er dei internasjonale marknadane prega av turbulens og tilbakegang og særleg Europa slit med låg økonomisk vekst. Noreg har i mindre grad merka verknadane av den økonomiske uroa, mykje takka vere ein høg oljepris og stor aktivitet, spesielt i olje- og gass sektoren og i bygg- og anleggsbransjen.

Den høge aktiviteten på norsk sokkel gjev positive ringverknadar til verksemdar som leverer varer og tenester til sokkelen, men medverkar òg til ei sterkare todeling av økonomien i Noreg. Tradisjonell eksportorientert industri har utfordringar mellom anna med høgre lønskostnader samanlikna med omverda og ein sterk kronekurs.

Hordaland er blant fylka i Noreg med sterkast økonomisk vekst, noko olje- og gassnæringa med tilsluttande industri, i stor grad medverkar til. Me har mellom anna eit verdsleiande subseamiljø, med ein konsentrasjon rundt CCB på Sotra kor fleire globale aktørar har lagt viktige delar av verksemda si til. Hordaland fylkeskommune ønskjer å medverke til utvikling av fleire slike sterke næringsmiljø i fylket.

Hordaland er meir enn berre olje og gass, og ein av styrkane til fylket er næringsmangfaldet. Maritim og marin sektor skapar store verdiar, og til liks med olje- og gassnæringa, tiltrekker desse næringane seg store verksemdar til fylket.

Som inngangsporten til Noregs mest attraktive reiselivsprodukt, Fjordlandskapet, har Hordaland gode føresetnader for å utnytte veksten i denne næringa, som på verdsbasis er blant dei næringane med sterkast vekst. For Hordaland fylkeskommune er det heilt avgjerande å skape gode rammetilhøve for desse næringane framover.

Likevel, det er nokre utfordringar som kan vere til hinder for å oppnå maksimal vekst i fylket, som Hordaland fylkeskommune, i samarbeid med andre offentlege støttespelarar og FoU- og næringslivsaktørar ønskjer å medverke til å løyse. Næringsbarometeret frå mai 2013, syner at mangel på arbeidskraft med relevant kompetanse er, og vil vere, det største hinderet for vidare vekst i fylket. Som ansvarleg for den vidaregåande utdanninga har fylkeskommunen eit stort ansvar for å tilby næringslivet personar med relevant kompetanse, og medverke til at ungdom vel utdanningsløp som er etterspurde av næringslivet og offentlig sektor. I planperioden skal me arbeide for å auke gjennomføringa på dei yrkesretta utdanningane i vidaregåande skule, samt styrke rettleiingsapparatet i grunn- og vidaregåande skule, slik at ungdom i større grad vel utdanningsløp som høver deira talent.

Fagskuletilbodet skal òg styrkast ved å gjere tilbodet meir fleksibelt i høve kva studiar, og kor i fylket dette skal verte tilbydd. Denne utdanninga har vist seg å vere eit godt verkemiddel for blant anna å medverke til å dekke etterspurnaden etter teknikarar i fylket.

Tilgang på næringsareal og gode transportløyser er ei anna viktig utfordring som kan stå i vegen for vidare vekst og etableringar. Det er avgjerande å få på plass gode løyser i bergensregionen, men det er vel så viktig å legge til rette for gode løyser i heile fylket for å gjere alle områda meir attraktive for næringsutvikling.

Eg meiner at nøkkelen til ei god gjennomføring av ein regional næringsplan ligg i koordinering mot andre regionale planar, samt eit nært samarbeid med kommunar, FoU og næringslivet. Eg ynskjer difor alle velkomne til å bidra til ei best mogleg gjennomføring av planen slik at me kan leve opp til visjonen:

«Saman om verdiskaping i ein av Europas innovative regionar!»



Tom-Charister Nilsen  
Fylkesordførar



Foto © Hans Jørgen Brun

# Innhold

Forord .....	3
Innhold .....	4
<b>1. Føremål, målgrupper og føringar for næringsplanen .....</b>	<b>5</b>
1.1 Om næringsplanen .....	5
<b>2. Ståstaden – godt utgangspunkt - men utfordringar.....</b>	<b>7</b>
2.1 Ressursrike Hordaland .....	7
2.2 Dei viktigaste utfordringane .....	9
<b>3. Visjon og overordna mål.....</b>	<b>13</b>
<b>4. Hovudvegval – Overordna grep og hovudstrategiane.....</b>	<b>14</b>
4.1 Det må byggjast fleire ”bruer” i Hordaland!.....	14
4.2 Dei tre hovudstrategiane .....	14
4.3 Meir entreprenørskap og innovasjon .....	14
4.4 Fleire med meir relevant kompetanse .....	16
4.5 Ein velfungerande bergensregion og attraktive regionale senter.....	17
<b>5. Enno betre samarbeid for gjennomføring av planen .....</b>	<b>19</b>
5.1 Hordaland skal bli det leiande fylket i Noreg på samarbeid om næringsutvikling! .....	19
<b>Vedlegg.....</b>	<b>21</b>
Vedlegg 1: Nasjonale og regionale føringar .....	21
Vedlegg 2: Den regionale partnerskapen .....	23

# 1. Føremål, målgrupper og føringar for næringsplanen

## 1.1 Om næringsplanen

Denne næringsplanen er eit kort, strategisk dokument som syner kva for strategiar som er særskilt prioriterte for å møte dei viktigaste utfordringane næringslivet står overfor i fylket vårt. Tiltak innafor desse strategiane kan få noko meir midlar enn andre, og dei vil få ekstra merksemd i fylkeskommunen og hjå samarbeidspartnarar. Det vil soleis vere strategiar og område som *ikkje* vert omtala i planen, men som likevel er viktige for næringsutviklinga i fylket.

Plandokumentet skal særleg føre til at næringslivet når resultat i form av meir innovasjon, fleire arbeidsplassar og meir verdiskaping.

I planprosessen har det ikkje vore invitert til diskusjonar om prioritering av visse næringar eller strategiar innafor utvalte bransjar.

Ein har hatt fokus på å finne fram til relevante strategiar for å møte framtidige utfordringar ein ser i dag. Desse strategiane vil i utgangspunktet gjelde for alle næringar og bransjar som er målgrupper for det offentlege verkemiddelapparatet. I praksis vil einskilde strategiar vere meir relevante for nokre næringar enn andre, og i nokre år meir relevante enn i andre år. Det må vurderast i samband med utarbeidinga av Regionalt utviklingsprogram.

Det er likevel slik at Hordaland har nokre næringar som har særskilte fortrinn og som har hatt særskilt fokus i Regionalt utviklingsprogram og i Business Region Bergen sin næringsplan over fleire år. Desse næringane vil òg vere viktige for gjennomføringa av næringsplanen for Hordaland, inntil føresetnadene eventuelt endrar seg slik at ein må gå gjennom prioriteringane på nytt.

Utfordringane i kapittel 2 og dei tre strategiane i kapittel 4 er utarbeidd på grunnlag av strategisamling 22.-23. mars 2012 med 50 deltakarar frå næringsliv, offentlege organ samt FoU-miljø. Det har òg vore arrangert temamøte om innovasjon/FoU og kompetanse/rekruttering med brei deltaking.

Det er i Regional planstrategi for Hordaland 2010-2012 det vert slege fast at det skal utarbeidast ein ny regional næringsplan. Tidlegare var den regionale næringspolitikken forankra i Fylkesplan for Hordaland 2005-2008. Regional næringsplan er heimla i plan- og bygningslova kapittel 8. Næringsplanen skal leggjast til grunn for verksemda i regionale organ og for kommunal og statleg planlegging og verksemd innanfor næringsfeltet. Planen skal i særleg grad vere retningsgjevande for det offentlege verkemiddelapparatet.

### 1.1.1 Gjennomføringa er eit sams ansvar

Hordaland fylkeskommune har hovudansvaret for utarbeiding av planen og at måla vert nådde. Både utarbeidinga og gjennomføringa skjer i nært samarbeid med verksemdar, bransjeorganisasjonar, næringsforeiningar, kommunar, forskings- og utdanningsinstitusjonar, regionråd, regionale og statlege verkemiddelaktørar. Alle har eit ansvar for å gjennomføre planen. Regionalt Næringsforum, der fleire av desse aktørane er representerte, har det overordna formelle ansvaret for å sikre at planen vert følgd opp. I praksis skjer det særleg gjennom utarbeiding av det årlege regionale utviklingsprogrammet, som vil vere næringsplanen sitt handlingsprogram (sjå kapittel 5).

### 1.1.2 Nasjonale forventningar og regionale planar

Det er vedteke Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging ved kongeleg resolusjon av 24.06.2011. I resolusjonen er mellom anna verdiskaping og næringsutvikling fokusert. I tillegg er det fleire stortingsmeldingar og offentlege utgreiingar som gjev rammer for ein regional næringsplan (Sjå vedlegg I).



Den nye Distrikts- og regionalmeldinga, St. meld nr 13 (2012-2013) *Ta heile Noreg i bruk*, vil legge dei nasjonale rammene for arbeidet med regional næringsutvikling i Hordaland. Ei eventuell justering av det distriktspolitiske støtteområdet i 2014 vil vidare kunne leggje nye føringar for virkemiddelbruken.

Berekraftig utvikling og berekraftig verdiskaping er omhandla mellom anna i St. meld nr 7 (2008-2009) *Et nyskapende og bærekraftig Norge*, kor merksemda rettast mot tre område det må arbeidast på for å oppnå ei berekraftig utvikling. Desse er miljø, økonomi og sosiale tilhøve. Med berekraftige verksemder forstår Hordaland fylkeskommune verksemder som er økonomisk levedyktige, tek samfunnsansvar i høve til miljø, og som er medvitne sitt sosiale ansvar lokalt og globalt.

Av regionale planar som er viktige for regional næringsplan, er Klimaplan 2010-2020, Regional Transportplan 2013 – 2024, Strategisk Næringsplan for Bergensregionen 2010 – 2014 (19 kommunar) og Regional Forskingsstrategi for Hordaland (Fylkestinget 2010). (Sjå vedlegg). Strategisk Næringsplan for Bergensregionen 2010 – 2014 gjev sentrale premiss for næringsplanen og for utforminga av det årlege handlingsprogrammet (RUP). Samstundes skal næringsplanen vere ein plan for næringsutvikling i *heile* fylket.

I tillegg til dei nemnde planane er det tre planar under oppstart: Regional plan for arealbruk og transport i Bergensområdet, Regional plan for attraktive senter i Hordaland og Regional plan for kultur 2014-2024. Planprogramma for desse planane vert sendt på høyring vinteren 2012/13.

I Regional planstrategi 2012-2016 er det lagt til at kompetanse og arbeidskraft vert ein eigen regional plan i perioden. Likeeins er det lagt opp til ein utviklingsplan for Indre Hardanger med fokus på nærings- og folketalsutvikling.

Det er ei særleg oppgåve for fylkeskommunen som planansvarleg å sjå til at det er konsistens mellom dei ulike planane og at alle dreg i same retning.



Bilete 1: Foto: Eidesvik Offshore

## 2. Ståstaden – godt utgangspunkt - men utfordringar

### 2.1 Ressursrike Hordaland

Hordaland har naturressursar og human kapital som har fått fram eit svært variert næringsliv med verdslaiende miljø innan energisektoren, marine og maritime næringar, ei velutvikla reiselivs-, finans- og handelsnæring og eit rikt kulturliv.

#### 2.1.1 Forsking og kompetanse

Fylket har òg sterke forskings- og utdanningsinstitusjonar som på fleire felt er internasjonalt leiande. Dei skapar verdier gjennom forskning, utdanning og innovasjon, ofte i tett samarbeid med samfunns- og næringsliv i regionen. Institusjonane spelar òg ei aukande rolle i næringsutvikling gjennom etablering av nye verksemder. Institusjonane er viktige kulturberarar for kunnskap og kunnskapsutvikling, og er sjølve store internasjonalt forankra kompetansearbeidsplassar. Til dømes er UiB sin sterke internasjonale profil og sentera deira for framifrå forskning innan klimaforskning, energi-/petroleumsforskning og geobiologiske djuphavsstudiar, verdifulle for næringsutviklinga i Hordaland.

Årleg har Hordaland fylkeskommune om lag 1000 studentar under utdanning ved Fagskulane i Hordaland innan mellom anna teknikk og industriell produksjon, marine og maritime næringar, bygg og anlegg, petroleums-teknologi med meir. Fagskulane har høg gjennomføringsgrad og kandidatane er etterspurte av næringslivet i heile fylket.

#### 2.1.2 Mange sektorar – men nokon viktige

Det karakteristiske ved Hordaland er mangfaldet. Vi har mange sterke sektorar. Dette gjer fylket mindre sårbart for endringar, gjev fleire utviklingsfortrinn og eit godt grunnlag for nye satsingar. Figur 1 viser i stor grad at energisektoren og den maritime sektoren står for ein stor del av sysselsettinga i Hordaland. Ser ein på tala for verdiskaping, omsetnad og driftsresultat, finn ein at energisektoren er større enn alle dei andre sektorane til saman. Sjølv om sysselsettinga innan marine næringar er relativt låg, er denne viktig for verdiskaping og omsetnad.

Mykje av Hordaland sin tyngre industri er knytt til desse tre næringane. Olje og gass, marin og maritim sektor bidreg med vedlikehald, skipsbygging og andre viktige komponentar til dei næringsaktørane som er direkte knytt opp til desse sektorane. Dette viser at sjølv om Hordaland har eit variert næringsliv, så er det sterke koplingar mellom næringane, noko som understrekar kor viktig forskning og utvikling er for å sikre framtidens arbeidsplassar i næringar kor særleg miljø- og klimautfordringane vil spele ei betydeleg rolle. Hordaland fylkeskommune, og andre offentlege aktørar, må difor i større grad nytte seg av teknologi og kunnskap, mellom anna gjennom krav til anbudsprosessar og pilotprosjekt.

Havbruks- og fiskerinæringa er særst viktige for Hordaland. Me har ei sterk forskingsklynge på området, hovudkontora til fleire store selskap i sektoren ligg i fylket og næringa er viktig for sysselsettinga i distrikta. For Hordaland fylkeskommune er det heilt avgjerande å vere med på å leggje gode rammevilkår for ei næring med godt potensiale for vekst og utvikling.

Reiseliv er Noregs tredje største eksportnæring og er blant næringane som veks raskast i verda. Bergen er inngangsporten til norsk reiseliv sitt mest attraktive produkt – fjordlandskapet – og dette er med på å gjere reiseliv til ei særleg viktig næring i Hordaland.

Likevel er nokre av utfordringane næringslivet no står overfor (jf. kapittel 2.2) oppstått særleg på grunn av stor vekst i olje- og gassektoren. At delar av næringslivet i aukande grad er avhengig av olje- og gassektoren generelt, og gass- og oljeprisane spesielt, gjer oss sårbare.

Hordaland er det nest største fylket i Noreg innan olje og gass, etter Rogaland. Særleg er vi sterke på drift og vedlikehald, kor miljøa i Bergen, styrer ein stor del av produksjonen på norsk sokkel. Vidare har Hordaland eit særst sterkt subseamiljø med ein konsentrasjon rundt CCB på Sotra. Fleire av verksemdene i dette miljøet er verdsleiane, og fleire globale aktørar har lagt viktige delar av verksemda si hit.

Hordaland er ein stor og kompetent produsent og vidareforedlar av råvarer som petroleum, straum, fisk, metallar og landbruksprodukt. Forsking, utvikling av teknologi og evne til innovasjon har gjeve verdiskaping langt utover råvareverdien.

Klima- og miljøutfordringane og kunnskap innan offshore verksemd, maritime operasjonar og straumproduksjon, kan legge grunnlaget for fleire nye næringar. Satsinga på CO<sub>2</sub>-fangst på Mongstad kan by på nye framtidige utviklingsområde for verksemdar i andre bransjar.


Internasjonalt er tilgangen på fornybar energi stigande, men utgjer framleis berre 3-4% av energiforbruk i verda. Det er aukande etterspurnad etter miljøteknologi globalt, og Hordaland kan bidra til å utvikle fornybare energikjelder, og næringsretta klimatiltak, som både gjev meir innovasjon og medverkar til å nå klimamål.

### 2.1.3 Klyngeutvikling og arealbehov

*Globale kunnskapsnav* er eit omgrep nytta for å skildre dei kunnskapsbaserte næringane som konkurrerer globalt. Globale kunnskapsnav er superklynger som tiltrekker seg kunnskapsverksemdar, kunnskapstenester og kunnskapsarbeidarar frå heile verda. Noreg har tre slike næringar, olje og gass, maritim og marin sektor, alle med vesentleg tyngde i Hordaland<sup>1</sup>. Desse tre næringane er soleis særskilt viktige for fylket.

Våre store media- og ikt-miljø er òg i ferd med å utvikle eit leiande miljø innan medieteknologi, og film og designmiljøa er i vekst. Innan bioteknologi og helseteknologi har Hordaland likeins FoU-miljø og verksemdar som kan vere starten på framtidige næringar.

Hordaland har omfattande arealressursar. Likevel er areal til sjøs og til lands ein knapp ressurs, men viktig for ei framtidig positiv utvikling av næringslivet. Innan havbruk, landbruk, småkraftutbygging og landvindkraft vil det vere arealkonfliktar som må avvegast og avklarast gjennom arealplanlegging.



Figur 1: Sysselsette i utvalde næringar. N=76 413.  
Kjelde: Business Region Bergen, statistikk.ivist.no

### 2.1.4 Styrkane til Hordaland

- **Hordaland har sterke forskings- og utdanningsinstitusjonar som med si forskning og sine nettverk, er viktige for næringsutviklinga i Hordaland.**
- **Kunnskap og kompetanse frå, utvikling av, og integrasjon mellom eksisterande næringar, kan legge grunnlaget for nye berekraftige næringar.**

<sup>1</sup> Reve, T. og Sasson A. (2012) *Et kunnskapsbasert Norge*. Oslo: Universitetsforlaget

- **Næringar med særskild merksemd i Hordaland er energi, medrekna olje og gass, maritim sektor, marin sektor, reiseliv og opplevingar og media og kulturbasert næringsliv. I tillegg er landbruk ei viktig næring for fylket, då denne har store positive ringverknadar for mange område i fylket.**

## 2.2 Dei viktigaste utfordringane

Når denne planen vert skriven, er Vestlandet ein av dei økonomisk framgangsrike regionane i Europa. Hordaland er blant dei fylka i Noreg med sterkast økonomisk vekst, og Noreg er igjen eitt av få unntak frå økonomisk stagnasjon og nedgang i Europa. Men det er òg nokre viktige utfordringar, - for næringsliv, offentlege verkemiddelaktørar og regionane i Hordaland.

### 2.2.1 Dei tradisjonelle eksportmarknadene i Europa stagnerer - men vekst i ”nye” industriland

Hordaland si verdiskaping er i større grad enn dei fleste andre fylka i landet basert på eksport, og soleis sterkt avhengig av utviklinga av verdsøkonomien. Denne utviklinga er sjølvstekt usikker, men problema i EU-landa og gjeldsutviklinga i USA og Asia gjer at fagmiljøa innan økonomi spår ei svak utvikling i verdsøkonomien i heile fireårsperioden. Eit positivt trekk er dei nye veksande økonomiane i BRIICS-landa (Brasil, Russland, India, Indonesia, Kina og Sør-Afrika). I 2017, når planperioden er over, kan ein anta at desse landa står for over 50 % av den samla økonomiske veksten i verda.

Hordaland sine sterke olje/gass-sektorar og maritime sektorar er globale. Det kan indikere at Hordaland samla sett blir noko mindre påverka av dei store problema i Sør-Europa og Euro-området enn resten av landet. Auka kronekurs kan verte ei generell utfordring for det eksportretta næringslivet, og moglege prisfall på olje/gass kan skape utfordrande og uvisse rammetilhøve for dei olje- og gassrelaterte verksemdene i fylket. Reiseliv er derimot særst avhengig av Europa og med det sårbare for krisa.

### 2.2.2 Raskare endringar i marknadene krev meir merksemd på innovasjon og entreprenørskap

Konkurransen frå utlandet er hard, uavhengig av om ein produserer for eksport eller for heimemarknaden. Marknadsorientering, innovasjon i forretningsmodellar og stadig omstilling i produksjon, er heilt nødvendig for å oppretthalde konkurranseevna vår. Sjølv med eit høgt norsk kostnadsnivå og høg kronekurs, vil me då kunne vere konkurransedyktige framover òg.

Hordaland har på line med dei andre fylka ei stor utfordring i å få fram fleire sterke nyetableringar. Det er særleg viktig å syte for at så mange som moglege av etableringane vert framtidige vekstverksemdar, ved at dei mellom anna får tilført kompetanse, nettverk og kapital.

### 2.2.3 Store delar av næringslivet manglar arbeidskraft med relevant kompetanse

Hordaland går inn i planperioden med ei tydelegare to-delning av industrien; olje- og gassverksemdene med underleverandørar i sterk positiv utvikling, og delar av annan industri og tenesteyting med stagnasjon i veksten og auka konkurranse i marknadene. Ei utfordring mange av desse næringane har felles, er at det er vanskeleg å konkurrere med det høge lønsnivået i oljerelatert verksemd.

I vekstfylket Hordaland er mangel på arbeidskraft med relevant kompetanse ei av dei største utfordringane for mange verksemdar. Tal frå NAV (2012) syner at det til dømes manglar om lag 1000 sivilingeniørar, 7 – 800 ingeniørar og minst 1300 handverkarar og bygningsarbeidarar i fylket. Delar av offentleg og privat tenesteyting har det same problemet.

Ein av dei viktigaste grunnane til mangel på fagutdanna arbeidskraft, er det høge fråfallet i den vidaregåande skulen. Av alle som starta ei yrkesretta utdanning i 2006, var det berre 30 % som gjennomførte utdanninga på normert tid. Etter 5 år hadde om lag 62% gjennomført ei utdanning. Fleire statlege reformer har bidrege til at dei yrkesretta utdanningane har vorte meir teoretiserte. Den praktisk retta utdanningsdelen kjem ofte fyrst etter to år, og gjer nokre ungdommar enno meir skuletrøytte.



Det er òg utfordringar knytt til å rekruttere utanlandsk arbeidskraft. Dei små og mellomstore verksemdene støv-sugar fyrst den lokale og regionale arbeidsmarknaden, for så eventuelt prøve å rekruttere utanlands. Desse verksemdene opplever for mykje administrasjon, og har for liten kunnskap om rekrutteringslanda sitt utdanningssystem, kultur/arbeidskultur med meir.

Store internasjonale konsern derimot, rekrutterer på den internasjonale arbeidsmarknaden og flyttar arbeidskraft mellom land.

Dei utfordringane som utanlandsk arbeidskraft opplever, peiker mot at det må bli betre tilbod i norsk språkopp-læring, betre lokale for den internasjonale skulen, lettare tilgjenge på bustad og sterkare sosial integrasjon.

## 2.2.4 Bergen sine utdannings- og forskingsmiljø har verdi for heile fylket!

Forskningsbasert kunnskap er ei viktig kjelde til innovasjon, omstilling og verdiskaping. Høgt kompetent arbeidskraft og evne til omstilling og forskningsbasert nyskaping innan særskild sterke næringsområde har vore ein nøkkelfaktor for velstandsutviklinga.

Bergen har mange relevante FoU-miljø for næringsutvikling, fleire av desse i verdsklasse. Det er sett i verk ei rad strategiske tiltak, og samarbeidet med samfunns- og næringslivet vert stadig betre. Det er likevel eit faktum at desse tunge forskings- og utdanningsmiljøa vert for lite nytta av delar av næringslivet, og næringslivet etter-spør i for liten grad forskningsbasert kunnskap og kompetanse. Dette gjeld ikkje minst distriktsverksemdene. Det er ei stor utfordring i regional næringsutvikling å få til meir samarbeid om forskning og innovasjon mellom FoU-miljøa og næringslivet, og likeins meir målretta utdanning av akademisk arbeidskraft i tråd med næringslivet sine behov. Særleg innan teknologiområda opplever næringslivet at det ikkje er tilstrekkeleg samsvar mellom kompetansebehov og FoU-miljøa sine tilbod. Det kan mellom anna skuldast at Bergen har eit relativt lite anvendt forskingsmiljø samanlikna med andre storbyar i Noreg. Spesielt instituttsektoren er svakare utbygd innan teknologi i Bergen.

## 2.2.5 Næringslivet i bergensområdet vil få omfattande vekstutfordringar


Samstundes med to-delinga i industrien, har vi òg ei to-delning av nærings-, sysselsettings- og folketalsutvikling i fylket. Fram til 2020 reknar Hordaland fylkeskommune med ein folketalsvekst i bergensområdet (alle 19 Hordalandskommunar som er med i BRB) på 12.4 %, medan talet for resten av fylket er 4.0 % ([www.fylkesprognoser.no](http://www.fylkesprognoser.no); [statistikk.ivist.no](http://statistikk.ivist.no)). For fylket samla er det rekna med at 2/3 av veksten vil skuldast netto innvandring frå utlandet.

Tal som Hordaland fylkeskommune har utarbeidd syner at bergensregionen innan 2030 kan få eit innbyggjartal på nær 561 000, mot 421 000 i 2013. Dette genererer igjen ein vekst i talet på yrkesaktive på om lag 67 000 i same periode ([www.fylkesprognoser.no](http://www.fylkesprognoser.no); [statistikk.ivist.no](http://statistikk.ivist.no)). Ein tilsvarende vekst berekna av BRB (60 000 fleire yrkesaktive) vil gje behov for vel 17 000 daa nytt næringsareal, medan kommunane i regionen berre har avsett om lag 15-20 % av dette behovet til eigna areal i kommuneplanane sine (BRB-rapport, januar 2012. *Behov for næringsarealer i bergensregionen*). Utfordringa er særleg å få tilstrekkeleg areal til dei arealkrevjande næringane.

Utover behova for eigna landareal kjem òg dei sjø-arealbehova som maritime og marine næringar vil få fram-over. Her er det òg arealkonfliktar som må avklarast.


## 2.2.6 Positiv utvikling i folketal og næringsliv i distrikta – men kamp om kompetansen

Arbeidsinnvandrarar frå utlandet og familiane deira har medverka vesentleg til ei meir positiv folketalsutvikling i distrikta dei siste 4-5 åra. Om dei vert verande og kor lenge, vil avhenge av dei økonomiske konjunkturane både i Noreg og landa dei flyttar frå. Dessutan vil det avhenge av korleis ein legg til rette for integrering og utvikling av internasjonale miljø slik at innflyttarane trivst. Ei undersøking frå Norsk institutt for by- og region-forskning syner at utanlandske og innanlandske tilflyttarar i hovudsak har dei same ønska for den nye bustaden sin; betre integrasjon, høgare sosial trivsel og fleire attraktive lokale tilbod. Ei satsing på å gjere lokalsamfunn meir attraktive, vil difor kunne ha effekt for breie grupper av innflyttarar.



Figur 2: Næringsstruktur etter tal på arbeidsplassar, indre strok av Hordaland. Indre strok er her Hardanger, Voss, Vaksdal og Modalen. N=25177.

Kjelde: Modellen er basert på tal frå 2011 henta frå: SSB statistikkbanken, statistikk.igest.no.



Figur 3: Næringsstruktur etter tal på arbeidsplassar, ytre strok av Hordaland.

Dette vil seie Hordaland unnateke dei regionane som er under figur 2. N=231560.

Kjelde: Modellen er basert på tal frå 2011 henta frå: SSB statistikkbanken, statistikk.igest.no.

Desse figurane syner at næringsstrukturen, basert på ei grov inndeling av tal på arbeidsplassar, er relativ lik i indre og ytre strok av Hordaland. Landbruket er sjølvstekt viktigare i indre strok, medan privat tenesteyting står for ein større del av sysselsettinga i ytre strok.

Ved inngangen til planperioden rapporterer mange verksemdar i distrikta om gode resultat og planar om vekst framover. Det er grunn til å tru at den gunstige økonomiske utviklinga nasjonalt òg gjev effekt i distriktsverksemdar som har marknader utover det lokale. Dessutan gjer den sterke veksten i olje- og gasssektoren marknad for verksemdar som tradisjonelt ikkje har vore koplade mot denne sektoren. Ei slik utvikling er interessant fordi kompetanse knytt til offshore òg kan nyttast på andre felt.

På sikt vil konkurransen om kompetent arbeidskraft vere avgjerande for vekst i næringslivet òg i distrikta. Både Transportøkonomisk institutt (TØI 1208/2012) og Kompetansearbeidsplassutvalet (NOU 2011:3) legg difor vekt på utvikling av regionale senter for å tiltrekke seg kompetent arbeidskraft, skape miljø for innovasjon og soleis gje grunnlag for vekst i folketalet. Element til ein framtidig strategi for satsing på regionsenter vert presentert i kapittel 4.5.2.

## 2.2.7 Oppsummering: Dei mest kritiske utfordringane for næringslivet:

- Svakare vekst eller stagnasjon i internasjonale marknader og raskare endringar i marknadene krev meir kunnskap, fleire vellukka innovasjonar og fleire nyetablerte verksemder som lukkast med å bli vekstverksemder.
- Sterk vekst i olje- og gassverksemda gjev òg vekstimpulsar i andre delar av næringslivet. Samstundes bidreg veksten til *lønspress, mangel på arbeidskraft med relevant kompetanse og større sårbarheit for vesentlege endringar i oljeprisane.*
- Det må utviklast eit *tettare samarbeid om forskning og innovasjon mellom næringslivet og FoU-miljø.* Innan mellom anna teknologiområda opplever næringslivet at det ikkje er tilstrekkeleg samsvar mellom kompetansebehov og FoU-miljøa sine tilbod
- Sterk framtidig vekst i bergensområdet gjer det naudsynt med *langt meir eigna næringsareal enn det som er sett av i kommuneplanane i dag.*
- *Lokale og regionale flaskehalsar i vegnettet* gjev somme stader særst høge kostnader for næringsliv og arbeidstakarar, særleg i bergensområdet.
- Næringslivet i bergensområdet og distrikta vil merke *aukande konkurranse om relevant kompetent arbeidskraft.* Regionale senter i distrikta må gjerast meir attraktive for å tiltrekke seg arbeidskraft og skape miljø for innovasjon.

Du kan lese meir om utfordringar i Hordaland: sjå "Utfordringar for Hordaland", AUD-notat mai 2012, Hordaland fylkeskommune.



Bilete 2: Oppdrettsanlegg, Bergensregionen. Foto: Business Region Bergen

## 3. Visjon og overordna mål

### ***Saman om verdiskaping i ein av Europas innovative regionar!***

Med denne visjonen som utgangspunkt vert planen tufta på **desse overordna måla**:

I 2017 – når denne planen er gjennomført, skal vi ha:

- fleire innovative verksemdar som betre nyttar mogelegheiter i marknadene
- større del av gründerar som etablerer berekraftige vekstverksemdar
- fleire innovative næringsmiljø, der verksemdene samarbeider tettare seg imellom og med FoU-miljø og deira internasjonale kontaktnett
- verkemiddelaktørar som enno betre stør opp om berekraftige verksemdar og næringsmiljø
- teke naudsynte politiske avgjerder om (nærings-) areal, utbyggingsmønster og transport som gjev grunnlag for ein berekraftig og konkurransedyktig bergensregion
- fleire døme på meir attraktive tenestetilbod og vekstkraft i næringslivet i regionale senter

Visjonen er langsiktig, utover planperioden. Når ein ny regional planstrategi vert utarbeidd - seinast i 2016 – vil ein ta stilling til om det trengst ein ny plan.

Det skal utarbeidast resultatmål i det årlege regionale utviklingsprogrammet. Gjennomføringa av planen skal evaluerast før ny plan eventuelt vert utarbeidd.



Bilete 3: Hardangerbrua. Foto: Bjarte Brask Eriksen, Hordaland fylkeskommune



## 4. Hovudvegval – Overordna grep og hovudstrategiane

### 4.1 Det må byggjast fleire ”bruer” i Hordaland!

Omtalen av framtidige utfordringar (jf. Kap.2) peiker mot å utvikle og forsterke nokre ”bruer” i fylket vårt. Det må byggjast symbolske ”bruer”:

- mellom verksemder, gjerne på tvers av næringar, slik at samarbeid kan skape fleire og betre innovasjonar
- mellom verksemder og marknaden slik at ein får vellukka innovasjon og vekst
- mellom utlendingar med relevant kompetanse og verksemder med slikt behov i Hordaland
- mellom næringslivet sine behov og tilbudsstrukturen i den vidaregåande skulen
- mellom FoU-miljø i Hordaland og verksemder med FoU/innovasjonsbehov og potensiale i fylket
- mellom kommunar i Bergens-regionen for å leggje betre til rette når det gjeld behov for vesentleg større næringsareal
- mellom kommunar i distrikta for å gjere regionale senter meir attraktive

Det må òg byggjast fysiske bruer og tunnellar for å auke tilgjenge til dei regionale sentera, til nasjonale og internasjonale marknader og for å binde Vestlandet betre saman. Ein ferjefri korridor langs vestlandskysten (E39) er avgjerande i denne samanhengen.

### 4.2 Dei tre hovudstrategiane

Med utgangspunkt i dei strategiske bruene og prosessane som er gjennomført i utarbeidinga av denne planen, er det lagt opp til primært å satse på dei tre hovudstrategiane:

- **Meir entreprenørskap og innovasjon**
- **Fleire med meir relevant kompetanse**
- **Ein velfungerande bergensregion og attraktive regionale senter**

Desse strategiane er utdjupa i kapittel 4.3 - 4.5. Det kan likevel vere aktuelt å arbeide med andre strategiar dersom det viser seg å vere behov for dette i planperioden. Hovudstrategiane er i utgangspunktet meint å vere sektoruavhengige og skal med det gjelde for alle sektorar. Dei vil likevel vere særleg viktige i høve til dei viktigaste sektorane for Hordaland, jamfør kapittel 2.1.4. Regionalt utviklingsprogram vil konkretisere dette for dei einskilde åra.

### 4.3 Meir entreprenørskap og innovasjon

Med bakgrunn i utfordringane knytt til internasjonale marknader, entreprenørskap, innovasjon og samarbeid mellom FoU og næringslivet, og med utgangspunkt i våre sterke, vekstkraftige næringsmiljø, peikar det seg ut tre innsatsområde:

#### 4.3.1 Fleire gode gründerar

Den eksisterande satsinga på entreprenørskap skal halde fram på to frontar: Dels skal ein få fleire til å starte eiga verksemd og hjelpe desse med rettleings- og kompetansenester slik at flest mogleg lukkast. Dels skal ein få fram dei som har potensial til å bli vekstverksemder med internasjonal suksess.

Det er særleg viktig å satse vidare på Ungt Entreprenørskap i skulen for å få fram fleire framtidige etablerarar. Det syner seg at ein vesentleg større del av elevane med utdanning i entreprenørskap, startar eiga verksemd.



Det er òg avgjerande å vidareutvikle fyrstelinesatsinga i kommunar og regionalt, mellom anna gjennom nettsida kom-an.no, og etablererkurs som eit tilbod til alle etablerarar.

Gründerar med vekstpotensial må sikrast betre mogelegheiter for finansiering i dei tidlege fasane, og dei må få hjelp til å nå ut i dei internasjonale marknadene. Her er særleg Innovasjon Noreg og Noregs Forskringsråd sine tenester relevante. Det er særst viktig i denne samanhengen å ha eit godt inkubator- og næringshagetilbod til vekstetablerarane.

### 4.3.2 Fleire vekstkraftige verksemdar

Dersom framtidig sysselsetting og verdiskaping i fylket skal oppretthaldast, må enno fleire små og mellomstore verksemdar vekse over tid i ein internasjonalt konkurranseutsett marknad. Dette inneber at desse verksemdene må ha evne til innovasjon og produktivitetsvekst, marknadsorientering og evne til kommersialisering. Det må arbeidast for auka kompetanse på internasjonal forretningsutvikling, tilgang til internasjonale marknader, tilgang på vekstkapital og tilgang til nettverk og samarbeid, som styrkar evna til innovasjon og internasjonalisering.

Nystarta verksemdar, vekstverksemdene og innovasjonsmiljøa i Hordaland kan berre utviklast og bli sterke om dei kan gjere seg nytte av internasjonal kunnskap og kompetanse. Kunnskapen i det internasjonale nettverket til fylkeskommunen, Innovasjon Noreg, FoU-miljø og næringslivet må nyttast betre i så måte.

For å få fleire verksemdar med vekstkraft må ein bøte på mangelen på ingeniørar og sivilingeniørar. Det må etablerast fleire studieplassar ved Høgskolen i Bergen, ingeniørutdanning (bachelorutdanning) og sivilingeniørutdanning (masterutdanning) i samarbeid med andre, t.d. Universitetet i Bergen og/eller NTNU.

### 4.3.3 Fleire innovative næringsmiljø

Samarbeid mellom næringsliv, FoU-miljø og offentlege myndigheiter er føresetnaden for ein vekstkraftig region. Det å skape møteplassar der verksemdene og FoU-miljøa maktar å utvikle gjensidig god kommunikasjon, er ein avgjerande start for vellukka innovasjonsprosessar. Det inneber mellom anna at verksemdene definerer kunnskapsbehov og at FoU-miljø og verksemdene lyttar og gjev råd til kvarandre. Det er her òg særst viktig å avsetje ressursar til å oppsøke verksemdene (kompetansemekling) og til prosjektutvikling med kopling mot dei rette FoU-miljøa.

Regional forskingsstrategi i Hordaland (2010) peiker på at ein skal stimulere til komplementære verdifulle relasjonar mellom forskingsmiljøa og verksemdar/det offentlege i Hordaland: «Eit godt samarbeid krev at det ligg føre strukturelle føresetnader og motiverande faktorar som kan stimulere til samarbeid utover eigne fagmiljø, organisasjonar eller bedrifter».

Det finst allereie ei rad slike program, til dømes Senter for Forskringsdrive Innovasjon (SFI), Forskringssentre for Miljøvenleg Energi (FME), klyngeprogramma ARENA/NCE og Verkemiddel for Regional FoU og Innovasjon (VRI), i tillegg til ordningar innan Noregs Forskringsråd og det Regionale forskingsfondet.

Det er viktig at næringslivet i alle delar av fylket blir knytt sterkare opp mot FoU-miljøa. Dei mange møteplassane som finst i dag, må utnyttast betre for å bidra til dette samarbeidet. Slike møteplassar inkluderer òg til dømes aktiv utplassering av studentar i næringslivet. Interessant er ordninga med nærings-phd-ar, der studenten følgjer eit doktorgradsprogram, men arbeider med dei faglege problemstillingane i ei verksemd.

For å få fram nye innovative næringsmiljø/klynger i Hordaland, må det arbeidast på fleire område samstundes. I tillegg til entreprenørskap og innovasjon i nystarta verksemdar er det viktig å legge til rette for kontinuerlege innovasjonsprosessar i etablerte verksemdar, for å styrke og trygge verdiskaping og arbeidsplassar. Det må rettast særskilt merksemd på næringar som allereie har gode føresetnader for vekst og utvikling, samstundes som ein prøver å finne nye næringsmiljø med vekstpotensiale.

#### 4.3.4 For å få meir entreprenørskap og innovasjon skal vi særleg:

- Stimulere til at fleire startar eiga verksemd mellom anna gjennom Ungt Entreprenørskap
- Bidra til finansiering av verksemder i tidleg fase og til utviklingsprosjekt med risiko
- Følgje opp nystarta verksemder med «internasjonalt» vekstpotensial
- Motivere fleire verksemder til å bruke eksisterande program for å kople næringsliv og FoU-miljø
- Arbeide for å styrke samspelet mellom FoU-institusjonar og næringslivet, for enno betre å imøtekomme behova til næringslivet
- Stimulere til innovasjon i etablerte verksemder, mellom anna gjennom klyngeutvikling og utvikling av nye innovative næringsmiljø med vekstpotensiale

### 4.4 Fleire med meir relevant kompetanse

Nedanfor er det omtala tre innsatsområde som skal bidra til å redusere problema med stor mangel på kvalifisert arbeidskraft i fylket.

#### 4.4.1 Fleire elevar med fullførte fagbrev

Fylkeskommunen og staten har ei rad forsøksprosjekt for å redusere fråfallet i den vidaregåande skulen. Tiltak innanfor den såkalla «vekslingsmodellen», ser ut til å gje gode resultat. Denne modellen legg vekt på systematisk veksling mellom teoretisk og praktisk læring frå fyrste skuledag. Fylkeskommunen har òg svært gode erfaringar med den såkalla TAF-modellen. TAF, teknisk allmennfagleg utdanning, er eit fireårig utdanningsløp som fører fram til fagbrev, samtidig som eleven får spesiell studiekompetanse som krevst for å søke seg vidare på ingeniørutdanning.

I planperioden skal ein vidareutvikle fleksible utdanningsmodellar som permanente tilbod med meir veksling mellom teoretisk og praktisk læring. Føremålet er at fleire elevar skal kome seg gjennom vidaregåande skule og ende opp med fagbrev, med totalt sett høgare kvalitet på utdanninga enn i dag.

Ein bør òg arbeide for ei betre dimensjonering av klassar og tal på elevar, målt mot næringslivet sitt behov. I dag har vi mangel på lære plassar i nokre fag, medan det er mangel på lærlingar i andre fag.

NAV vil bidra til auka gjennomføring i vidaregåande opplæring ved å bistå fylkeskommunen med råd og rettleiing om arbeidsmarknaden. Vidareføring av samarbeidet om Ungdomsmottaket i Bergen, og liknande regionale samarbeidsformer, vert viktige tiltak.

Næringslivet i Hordaland er sterkt knytt til eksport, og god språkkompetanse i næringslivet er difor viktig. Ei styrking av framandspråkoplæringa i den vidaregåande skulen er difor naudsynt.

#### 4.4.2 Betre rettleiing og meir praktisk innsikt

Ved overgangen til vidaregåande skule er mange søkjarar usikre på kva for utdanningsløp dei skal velje. For å syte for at så få som mogleg må ta omval må ein betre rådgjevinga på ungdomsskule nivå. Samstundes må Hordaland fylkeskommune bidra meir aktivt til at informasjon om tilgjengelege lære plassar, og framtidige arbeidsplassar, vert gjort kjent for søkjarane. Dette må gjerast i samarbeid med partane i næringslivet. Hordaland fylkeskommune har òg eit stort ansvar for å sikre at det er god samanheng mellom næringslivet sine behov og talet på plassar på dei ulike studieprogramma.

Det viktigaste tiltaket i noverande læreplan er det nye faget Prosjekt til fordjuping. Dette er eit stort og viktig fag i vidaregåande opplæring, der føremålet nettopp er å gje ungdom relevant erfaring med tanke på rett utdanningsval.

Det er òg gjennomført forsøksprosjekt og andre tiltak på dette området over mange år. Dette innsatsområdet skal ytterlegare styrkast ved å auke kunnskapen hjå rettleiarane, slik at dei mellom anna vert endå betre i stand til å sjå elevane sitt potensial. Dessutan bør ein styrkje tiltak som fører til at barn og ungdom får meir reell inn-

sikt i kva næringslivet kan tilby av ulike jobbar (til dømes ulike utplasseringsordningar for ungdomsskuleelevar i næringslivet, meir praksisnær undervisning i barnehage og skule).

#### 4.4.3 Betre tilrettelegging for rekruttering av utanlandsk arbeidskraft

Utfordringane knytt til rekruttering av utanlandsk arbeidskraft ser ut til å redusere verksemdene si interesse og motivasjon for slik rekruttering. Det skal difor gjennomførast eit program der offentlege myndigheiter i samarbeid med private vidareutviklar offentlege tilbod som er sentrale for utanlandsk arbeidskraft. Føremålet med programmet er å forenkle, forbetre, samordne og tilpasse offentleg tilbod slik at utanlandsk arbeidskraft lettare kan bu og arbeide i Hordaland. Ein må òg tydeleggjere ansvarsdelinga, til dømes mellom NAV, andre statlige tilbod og kommunane.

Programmet bør ha særleg merksemd på rekruttering av ingeniørar og sivilingeniørar. I den samanhengen må ein trekkje på erfaringar og positive døme frå NAV EURES si satsing på ingeniørrekruttering over dei siste fem åra.

Det er sjølvsagt verksemdene sitt eige ansvar å gjennomføre rekrutteringa.

Ein må òg arbeide for å inkludere og synleggjere kompetansen til allereie busette innvandrarakar.

#### 4.4.4 For å få fleire med meir relevant kompetanse skal vi særleg:

- **Utvikle fleksible utdanningsmodellar med meir veksling mellom teoretisk og praktisk læring**
- **Auke kunnskapen hjå rettleiarane og styrkje elevane si innsikt i næringslivet, slik at elevane vel utdanningar som dei har føresetnader for å gjennomføre**
- **Kartlegge og kvalitetssikre tilgjengelege læreplassar årleg, og la dette vere ein del av avgjersegrunnlaget når dimensjonering av klassestruktur i fylket vert vedteke.**
- **Styrke framandspråkoppleringa.**
- **Forbetre og samordne offentlege tilbod slik at verksemdar blir meir motiverte til å rekruttere utanlandsk arbeidskraft og arbeidstakarane vert buande lengre i Hordaland**

## 4.5 Ein velfungerande bergensregion og attraktive regionale senter

Næringslivet i bergensområdet og i distrikta har ulike utfordringar som må møtast med ulike strategiar. Ein velfungerande bergensregion er mellom anna avhengig av å betre dei trafikale forholda, til dømes nytt sotrasamband og meir effektive innfartsårer. Ein ferjefri kyststamveg vil gje regionen meir effektiv tilgjenge til nasjonale og internasjonale marknader. I kapittel 4.5.1 er særleg arealmangel for næringslivet i bergensområdet fokusert, medan utfordringane knytt til innovasjon og verdiskaping i næringslivet i distrikta særleg skal møtast med utvikling av attraktive regionale senter, jf kap 4.5.2.

### 4.5.1 Framtidig verdiskaping i bergensregionen føreset regionale løysingar på arealbehov

I kap. 2.2.5 vart det peikt på at næringslivet i bergensregionen vil få store utfordringar knytt til mangel på areal.

I den nemnde utgreiinga frå BRB (jf. kapittel 2.2.5) er det framlegg om at framtidig vekst vert lagt omkring Bergen, samt i større grad omkring knutepunkt og regionsentera i regionen. Dei sysselsettingsintensive næringane (ofte kompetansesarbeidsplassar) bør liggje i konsentrerte delar av by- og tettstadsstrukturane i regionen for å få ein samanheng mellom bu- og arbeidsområde. Dei arealkrevjande arbeidsplassane bør etablerast på stader som ligg langs hovudinnfartsårene, ikkje langt frå regionsentera/knutepunkta.

Det er avgjerande for vidare verdiskaping i bergensregionen at ein finn tilfredsstillande løysingar på arealbehova. Utviklinga av næringsareal må likevel òg sjåast i nær samanheng med bustadareal, miljøeffektive transportløysingar og utvikling av energivenlege transportformer. Klimaplanen og miljømål må vere viktige omsyn for utvikling av næringsareala i bergensregionen. Alle desse omsyna krev igjen forbetra planprosessar og kunnskap, - og ikkje minst eit mykje tettare samarbeid mellom kommunane i regionen.

Det vert no starta opp ein regional areal- og transportplan for bergensområdet, som skal ferdigstillast innan våren 2015.

#### 4.5.2 Utvikling av regionale senter skal gje vekst i folketal og verksemder i distrikta

Å utvikle attraktive regionsenter vil vere ein sentral del av ein politikk for balansert regional næringsutvikling i Hordaland.

Skal eit regionsenter i distrikta trekke til seg verksemder og kompetansearbeidskraft, peiker Kompetansearbeidsplassutvalet (NOU 2011:3) på at større fagmiljø og eit mangfald av arbeidsgjevarar er viktige føresetnader. Næringslivet vil ha ei rad av forventningar til regionale senter: Når det gjeld transport, må mellom anna flaskehalsar til regionsentera utbetrast, og sjølve senteret må ha trafikale løysingar og vegkapasitet som utviklast i takt med veksten i senteret. Ein må særleg leggje til rette for effektive pendlingsløysingar. Breiband med høg kapasitet er òg ein absolutt føresetnad. Der det finst større industrielle miljø, bør ein òg leggje til rette for næringshagar, inkubatorar og samarbeid mellom lokalt næringsliv og FoU-miljø elles i fylket. Utvikling av attraktive fysiske omgjevnader og gode tilbod innan handel og service er òg viktig for at folk trivst og vert buande. Flytting av eksisterande statlege institusjonar frå Oslo eller lokalisering av nye til regionale senter i distrikta vil bidra vesentleg til auka attraktivitet.

Eit viktig tiltak for næringslivet i distrikta er dei tekniske og maritime fagskulane. Det er lovfesta at fylkeskommunen skal syte for at det vert tilbydd godkjend fagskuleutdanning som tek omsyn til lokalt, regionalt og nasjonalt kompetansebehov, innan prioriterte samfunnsområde. Det skal i planperioden arbeidast med å auke fleksibiliteten til fagskulane, slik at desse kan nå ut til fleire område i Hordaland enn i dag.

Når det gjeld verkemiddel for næringsutvikling vil ein i noko større utstrekning enn tidlegare prioritere dei tilretteleggjande og bedriftsretta verkemidla til gode prosjekt i regionsentera. Dessutan vil ein utvide satsinga for lokal samfunnsutvikling i kommunane (LUK) til òg å omfatte regionsentera. Regionsentrakommunane vil kunne få hjelp til utvikling av meir attraktive senter og til å utvikle rolla som «vertskapssenter» for dei andre kommunane i regionen. I tillegg må ein ha merksemd på å oppnå dei delmåla for regionsenter som trafikale knutepunkt som er sette i den nye regionale transportportplanen for Hordaland 2013-2024.

#### 4.5.3 For å sikre næringslivet i bergensregionen tilstrekkeleg areal og utvikle attraktive regionale senter skal vi:

- Følgje opp BRB-utgreiinga om arealbehova og la konklusjonane vere viktige premiss i areal- og transportplanen for bergensområdet
- Utvikle attraktive regionale senter i distrikta ved mellom anna sterkare prioritering av næringsretta verkemiddel til slike senter
- Sikre at infrastrukturen er tilpassa næringslivet sine behov
- Auke fleksibiliteten til Fagskulane i Hordaland, slik at desse kan verte tilbydd etter behov i heile fylket

## 5. Enno betre samarbeid for gjennomføring av planen

### 5.1 Hordaland skal bli det leiande fylket i Noreg på samarbeid om næringsutvikling!

Erfaringar frå gjennomføringa av Strategisk Næringsplan 2000 - 2003 syner at eit av dei viktigaste resultatane var etableringa av nye nettverk med aktørar som ikkje hadde samarbeidd tidlegare. Dette samarbeidet ga nye diskusjonar, kreative idear og interessante prosjekt. Korleis vi samarbeider, er med andre ord viktig for dei resultatane vi når.

Alle som skal bidra til gjennomføringa av planen, har ansvar for å tenkje nytt om korleis ein samarbeider og kven ein samarbeider med.

Fylkeskommunen har ei særskilt rolle i å sørge for at deltakarane i gjennomføringa av planen lærer av kvarandre, innafor og mellom prosjekt og program. Fylkeskommunen vil òg halde fram arbeidet med å dyktiggjere kommunane i lokalt utviklingsarbeid gjennom programmet Lokal samfunnsutvikling i kommunane (LUK).

#### 5.1.1 Vi skal tenkje større, tematisk, geografisk og i tid

Utfordringane vi står overfor, krev langsiktig innsats. Gjennomgåande må ein setje av meir tid og ofte meir ressursar til større utviklingsprogram og prosjekt for å få gjennomslagskraft.

Ei anna erkjenning er at næringsutvikling er krevjande for mange partar, når det gjeld mellom anna finansiering, kapasitet og kompetanse. Gode resultat krev at ein samlar kompetanse som finst innafor eit større geografisk område. Dessutan kan utfordringar i eitt lokalsamfunn eller ein kommune til dels vere dei same i nabokommunane. Difor bør tiltak og prosjekt i større utstrekning gjennomførast regionalt og i eit regionalt samarbeid.

På grunnlag av dei prinsippa som er nemnde ovanfor, vert det i Regionalt utviklingsprogram utarbeidd meir detaljerte retningslinjer. Desse retningslinjene skal gjelde for finansiering av tiltak, inkludert samfinansiering med andre regionale, nasjonale og lokale offentlege og private aktørar.

#### 5.1.2 På veg mot ei klårare arbeidsdeling mellom ulike aktørar

Ein del brukarar av det statlege, regionale og lokale offentlege verkemiddelapparatet melder tilbake at ansvars- og oppgåvefordelinga mellom aktørane er uklår og uoversiktleg. Fylkeskommunen vil difor ta initiativ til, saman med partnarane, ei utgreiing av ansvars- og oppgåvefordelinga. Føremålet er å klargjere roller, ansvar og oppgåver der det er naudsynt, samt utarbeide informasjon som er tydeleg og som blir ajourført jamleg.

Hordaland fylkeskommune vil i heile planperioden arbeide målretta med å vidareutvikle samarbeid og partnerskapsavtalar med dei andre regionale utviklingsaktørane, som Innovasjon Noreg og Business Region Bergen.

#### 5.1.3 Regionalt næringsforum er eit viktig organ når næringsplanen skal setjast i verk

I gjennomføringa av næringsplanen er Regionalt Næringsforum (RNF) den viktigaste partnerskapen (sjå vedlegg 2). Partnerskapen skal bidra til samordna innsats for å fremje næringsutvikling i Hordaland. Målet skal nåast ved utvikling av ei mest mogeleg koordinert og effektiv forvaltning av dei offentlege ressursane retta mot næringsutvikling, arbeidsmarknad og utdanning i Hordaland. I saker som skal handsamast politisk, til dømes Regionalt utviklingsprogram, har RNF ei rådgjevande rolle.



Hordaland fylkeskommune har i tillegg ulike samarbeidsavtalar og partnerskap med ei rad aktørar som arbeider innan regional næringsutvikling. Desse partnerskapane er viktige for det regionale næringsutviklingsarbeidet i Hordaland. Dei er nærare omtala i vedlegg 2.

#### 5.1.4 Regionalt utviklingsprogram er næringsplanen sitt handlingsprogram

Fylkeskommunen, i nært samarbeid med RNF, utarbeider eit årleg handlingsprogram for regional næringsutvikling (RUP). Mål og delstrategiar vert om nødvendig konkretisert og eventuelt rullert i handlingsprogrammet. Det regionale utviklingsprogrammet hadde i 2012 ei økonomisk ramme på ca 80 mill kr, der det meste kjem frå statlege øyremerkte midlar i Kommunal- og regionaldepartementet. I tillegg blir det overført midlar frå fylkesbudsjettet til RUP.

Det kan delvis òg brukast RUP-midlar til gjennomføring av andre planar når desse tiltaka er relevante for gjennomføring av målsettingane i næringsplanen.

#### 5.1.5 Gjennomføringa av næringsplanen skal vere prega av:

- **Godt samarbeid som mellom anna fremjar kreativitet og interessante tiltak og prosjekt**
- **Større satsingar som vert gjennomførte regionalt**
- **Klårare ansvars- og oppgåvefordeling mellom offentlege verkemiddelaktørar**
- **Eit årleg regionalt utviklingsprogram som peikar ut konkrete handlingar basert på mål og strategiar i næringsplanen.**



Bilete 4: Teambuilding. Foto: Business Region Bergen

# Vedlegg

## Vedlegg 1: Nasjonale og regionale føringar

### Nasjonale føringar

Plan- og bygningslova § 3-5 set krav om at Staten skal utarbeide nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging.

**Nasjonale forventingar** er vedteke 24.06.2011 ved kongeleg resolusjon. I avsnitt om verdiskaping og næringsutvikling er desse tema fokusert for regional planlegging:

- Balansert næringsliv som dekkjer konkurranseutsette-, nasjonale- og lokale marknader.
- Involverer fleire sektorar og bransjar i samspel med offentleg verksemd
- Planlegging på tvers av kommune- og fylkesgrenser
- Ta omsyn til ulike næringar sine behov for lokalisering og eigna areal.
- Leggje til grunn eit breitt verdiskapingsperspektiv basert på lokale natur- og kulturressursar.
- Leggje til rette for å oppretthalde og vidareutvikle fiskeri- og havbruksnæringa.
- Oppretthalde og vidareutvikle landbruket med foredlingsverksemd.

**St.meld. nr 25** (2008 – 2009) *Lokal vekstkraft og framtidstru* - Om distrikts- og regionalpolitikken. Eit hovudmål med meldinga er å gje kommunar og lokalsamfunn evne til å nytte lokalt handlingsrom og styrkje den lokale vekstkrafta.

**St. meld nr 13** (2012-2013) *Ta heile Noreg i bruk* - Distrikts- og regionalpolitikken.

Følgjande dokument legg rammer for ulike relevante næringar i Hordaland:

- St. meld nr 22 (2011-2012) *Verktøy for vekst* – om Innovasjon Norge og SIVA SF
- St. meld nr. 28 (2010-2011) *En næring for framtida* – om petroleumsvirksomheten. Olje- og energidepartementet
- St. meld nr 9 (2011–2012) *Landbruks- og matpolitikken*. Landbruksdepartementet
- St. meld. Nr.7 (2008-2009) *Et nyskapende og bærekraftig Norge*. Nærings- og handelsdepartementet
- Destinasjon Norge. Regjeringens reiselivsstrategi. Nærings- og handelsdepartementet 2012
- Små bedrifter – store verdier. Regjeringens strategi for små og mellomstore bedrifter. Nærings- og handelsdepartementet 2012
- Stø kurs. Regjeringens strategi for miljøvennlig vekst i de maritime næringer. Nærings- og handelsdepartementet 2007
- Maritim 21. En helhetlig maritim forsknings- og innovasjonssatsing. Nærings- og handelsdepartementet 2010
- Strategi for en konkurransedyktig norsk havbruksnæring. Fiskeri- og kystdepartementet 2007
- Handlingsplanen for Kultur og næring, *Frå Gründer til kulturbedrift*

### Regionale føringar

**Klimaplan 2010 – 2020** har mål og strategiar for næringsliv når det gjeld utslepp av klimagassar og energibruk.

**Regional transportplan 2013 – 2024:** Gode transporttilbod er ein viktig føresetnad for nærings- og samfunnsutvikling. Planen vart vedteke i Fylkestinget 12. desember 2013.

### Tilgrensande planar under arbeid

**Regional plan for arealbruk og transport i bergensområdet og Regional plan for attraktive senter i Hordaland, senterstruktur, tenester og handel** er under arbeid. Planprogramma vert sendt på høyring vinteren 2012/2013.

**Regional plan for kultur 2014-2024** skal formulere ein tydeleg regional kulturpolitikk med målsettingar, politiske ambisjonar og prioriteringar, som skal vere gjeldande for arbeidet med kultur- og idrettsfeltet i Hordaland.

I forslag til **Regional planstrategi 2012-2016** er kompetanse og arbeidskraft foreslått som regional planoppgåve i perioden. Det er òg foreslått arbeid med utviklingsplan for indre delar av Hardanger med fokus på nærings- og folketalsutvikling.

### Andre planarbeid

**Strategisk næringsplan for Bergensregionen 2010 – 2014** er utarbeidd av 20 kommunar og fylkeskommunen. Planen er ei viktig inspirasjonskjelde og grunnlag for vidare planar i regionen.



Bilete 5: Fylkeshuset. Foto: Bjarte Brask Eriksen, Hordaland fylkeskommune

## Vedlegg 2: Den regionale partnerskapen

### Regionalt næringsforum

I gjennomføringa av konkrete tiltak og prosjekt som skal medverke til å oppfylle mål og strategiar i næringsplanen er det viktig med eit breitt samarbeid, både internt i fylkeskommunen mellom Regionalavdelinga og andre avdelingar og aktørar, og med eksterne regionale aktørar. Fylkeskommunen sin viktigaste og mest sentrale partnerskap for slikt samarbeid er Regionalt næringsforum (RNF).

RNF er den regionale partnerskapen som skal bidra til samordna innsats for å fremje næringsutvikling i Hordaland. Målet skal nåast ved utvikling av ei mest mogleg koordinert og effektiv forvaltning av dei offentlege ressursane retta mot næringsutvikling, arbeidsmarknad og utdanning i Hordaland.

RNF har ein rådgjevande funksjon overfor politiske organ med ansvar for næringsutvikling, og har mellom anna hatt ansvar for utarbeidinga av Regionalt utviklingsprogram. RNF skal òg følgje opp dette arbeidet og ta initiativ til tiltak for å sikre ei god og treffsikker iverksetting av programmet.

RNF består i dag av øvste leiar for Innovasjon Noreg Hordaland, NHO Hordaland, LO Hordaland, KS i Hordaland, Fiskeridirektoratet Region Vest, Landbruksavdelinga hos Fylkesmannen i Hordaland, UiB, NAV Hordaland samt nærings sjef i Bergen kommune og den regionale representanten for Noregs forskingsråd. Frå fylkeskommunen deltek regionaldirektøren, som også leiar RNF, opplæringsdirektøren, nærings sjefen og to representantar frå fylkesutvalet.

Når ny regional næringsplan ligg føre vil det vere naturleg å foreta ein gjennomgang av mandat og samansetnad av RNF med sikte på å styrkje og vidareutvikle det regionale samarbeidet.

### Andre partnerskap og samarbeidspartnarar

Hordaland fylkeskommune har i tillegg ulike samarbeidsavtalar og partnerskap med ei rad aktørar som arbeider innan regional næringsutvikling. Desse partnerskapa er viktige for det regionale næringsutviklingsarbeidet i Hordaland.

### Innovasjon Norge

Fylkeskommunane eig til saman 49 % av aksjane i Innovasjon Noreg, medan Staten eig resten. Innovasjon Noreg Hordaland har ansvaret for bedriftsretta tiltak og prosjekt som skal gjennomførast gjennom Regional næringsplan, og får årlege løyvingar frå fylkeskommunen til dette. I det årlege tildelingsbrevet til IN kjem fylkeskommunen med nærare retningsliner for forvaltning av midlane.

### Fylkesmannen si Landbruksavdeling

Fylkesmannen og fylkeskommunen samarbeider nært om næringsutvikling i landbrukssektoren, med basis i jordbruk, skogbruk og tilknytte næringar som til dømes matproduksjon og bioenergi. I tillegg er det eit samarbeid innan reiseliv.

### Partnerskap for lokal samfunnsutvikling

I tillegg til det tosidige samarbeidet nemnt over, har Hordaland fylkeskommune, Fylkesmannen si landbruksavdeling og Innovasjon Noreg Hordaland danna ein regional partnerskap kor ein samarbeider om fleire satsingar innanfor lokal samfunnsutvikling. Dei viktigaste er:

- LUK – Lokal samfunnsutvikling i kommunane
- LivOGLyst-satsinga
- Kommuneprosjektet - Entreprenørskap og lokal næringsutvikling
- Nettstaden Kom-an.no



## Business Region Bergen (BRB)

Fylkeskommunen eig 1/3 del av aksjane i BRB. Som ein del av avtalen med dei andre eigarane, løyver fylkeskommunen årleg ca 5 mill kr til BRB, der halvparten er tilskot til drift og resten prosjektmidlar. Det ligg til grunn at prosjektmidlane skal rettast mot utviklingsprosjekt forankra i Strategisk næringsplan for Bergens-regionen 2010-2014. Prosjektmidlane skal òg medverke til å løyse prioriterte satsingar i regional næringsplan.

## Regionråda og regionale næringsfond

Hordaland fylkeskommune og regionråda har inngått partnarskapsavtalar som har som mål å styrkje det regionale næringsutviklingsarbeidet i regionen. Regionråda skal som ein del av sitt virke drive rådgjeving, rettleiing og informasjonsarbeid mot bedrifter og etablerarar, og medverke til prosjekt- og utviklingsarbeid i regionen. Fylkeskommunen gjer tilskot (vel 1,9 mill kr i 2012) til regionane for å gjere dette arbeidet og medverkar til erfaringsutveksling mellom regionane.

### Regionråd i Hordaland med partnarskapsavtale

- |                                |  |
|--------------------------------|--|
| ▪ Osterfjord Nærings samarbeid | ▪ Regionrådet Nordhordland IKS         |
| ▪ Gode Sirklar AS              | ▪ Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS |
| ▪ Hardangerrådet               | ▪ Aurland – Vik - Voss Samarbeidsråd   |

Alle regionråda med partnarskapsavtalar får òg årleg tilført midlar til eit regionalt næringsfond. I tillegg får bjørnefjordsregionen midlar til regionalt næringsfond. Ramma blir årleg fastsett gjennom vedtak i fylkesutvalet og var i 2012 2,0 MNOK. Midlane skal nyttast til mindre regionale utviklingstiltak, og prosjekt er søkbare for etablerarar, verksemder og regionale utviklingsaktørar.

## SIVA

SIVA og Hordaland fylkeskommune har ein partnarskapsavtale som omtalar samarbeidsområde og tema. Ein skal samarbeide om utvikling av innovasjonsmiljø og om utvikling av fleire næringshagar og inkubatorar. Inkludert i dette er samarbeid om prosjekt som Inunet og Kvinnoasjon. Som ein del av samarbeidet støttar Hordaland fylkeskommune drifta av næringshagar og inkubatorar.

## Noregs Forskingsråd

Noregs Forskingsråd og fylkeskommunen har ein samarbeidsavtale med formål å fremje innovasjon og auke verdiskapinga i Hordaland. Avtalen dannar grunnlaget for forskingsrådet sin representant i Hordaland. Det er òg tett samarbeid med forskingsrådet gjennom arbeidet med VRI-satsinga og i arbeidet med regionalt forskingsfond.

## Andre bransjeretta partnarskap

Fylkeskommunen deltek dessutan i ulike bransjeretta partnarskap/bransjeorganisasjonar innanfor dei prioriterte sektorane. Dei viktigaste er:

- Fiskeriforum Vest - ein regional marin næringsorganisasjon som har som si viktigaste rolle å bidra til kompetansebasert næringsutvikling og styrkje samhandling
- Forum reiseliv - ein møttestad for reiselivsnæringa i Hordaland i regi av Hordaland fylkeskommune
- Maritim ressursgruppe, - ein møttestad for maritim bransje i bergensregionen i regi av Maritimt forum for Bergensregionen og Bergen Næringsråd.
- HOG Energi - ein medlemsorganisasjon som har som mål å ivareta Hordaland sine samla interesser innanfor energisektoren.
- Manøver - ein møteplass for kulturnæringane i Hordaland i regi av Design Region Bergen.



**[www.hordaland.no/naring](http://www.hordaland.no/naring)**

**[www.kom-an.no](http://www.kom-an.no)**

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur.

Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.



Agnes Mowinckels gt 5  
Postboks 7900  
N-5020 BERGEN

Telefon: 55 23 90 00  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

September 2013